

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.03.2021

Lisa-May Sæle (H) sette på vegner av H, Sp, A, V, SV, Frp, MDG fram slikt forslag

«Alternativ:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek svar frå administrasjonen på skriftleg spørsmål SI 4/21 frå Kjell G. Haaland til vitande.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering har forståing for at mange omsyn og avvegingar vert gjort i samband med tilskotsforvaltninga og tildelingane. Utvalet ber administrasjonen likevel i framtida, og særleg til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 er vedteke, at ein i noko større grad vektlegg omgrepet utviklingsaktør og det funksjonelle kriteriet under vurderingstemaet «regional verdi». Eit sentralt poeng er at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklingsaktør i kultur-, idretts- og frivilligheitspolitikken.

### Avrøysting

Det var 14 representantar til stades.

Sæle sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek svar frå administrasjonen på skriftleg spørsmål SI 4/21 frå Kjell G. Haaland til vitande.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering har forståing for at mange omsyn og avvegingar vert gjort i samband med tilskotsforvaltninga og tildelingane. Utvalet ber administrasjonen likevel i framtida, og særleg til regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 er vedteke, at ein i noko større grad vektlegg omgrepet utviklingsaktør og det funksjonelle kriteriet under vurderingstemaet «regional verdi». Eit sentralt poeng er at fylkeskommunen skal vere ein regional utviklingsaktør i kultur-, idretts- og frivilligheitspolitikken.